



MØTEBOK

Møte: 1-2019
Møtedato: Onsdag 30.01.2019
Møtestad: Viefluno, Rådhuset
Tid: 19.00

Desse møtte:

Roald Stautland, Asbjørn Gundersen, Sammy Olsen, Trygve Totland, Berit Hallaråker, Mona Ingvaldsen Hodne, Solfrid Lønning, Odd Kåre Sakseid, Elin Taranger og Trygve Leigland.

Desse møtte ikkje:

Elisabeth Bjørnevik. Vara vart kalla inn, men det vart for seint.

Roald Stautland leia møtet. Odd Kåre Sakseid hadde ord for kveld.

Innkalling og saksliste vart godkjend. Sak 2019-01-08 vart teke først.

2019-01-01 GODKJENNING AV MØTEBOK

Møtebok 4 – 2019 vart godkjent.

2019-01-02 MELDINGAR OG SKRIV

1. Det vart informert litt om korleis aktiviteten er på kontoret, og litt korleis ny kontor har komme inn i oppgåvene, og små endringar som vert gjort i forhold til rutinar m.m.
2. Vart informert om endringar som er ynskt for Bømlo kyrkje og korleis ein ligg ann i prosessen på dette. Kyrkjebygg konsulenten frå kyrkjerådet var på synfaring før nyttår og har komme med nokre tankar i forhold til endringane som er ynske. Må få ut forprosjekt og komme igong.
3. Informasjon om prosessen knytt til ny gravplass på Vorland vart gjeve og kva retningslinjer som er gjeve frå rådmannen i forhold til at ting bør skje i fleire byggjesteg. Utviding av gravplassen og regulering av nytt område bør jobbast med parallelt.

2019-01-03 OPPFYLLING AV GRAVFELT D, LYKLING + MINNELUND

Det vart gjeve ein presentasjon av formann og kyrkjeverje på planane som er tenkt gjennomført på Lykling kyrkjegard.

Vedtak:

Fellesrådet vedtek å lyse ut prosjektet for oppfylling av felt D på Lykling kyrkjegard + minnelund på open tilbodskonkurranse med fastpris i henhold til framlagt dokument.

2019-01-04 FØREBELS REKNESKAP 2018

Vedtak:

Fellesrådet tek rekneskapen for 2018 til orientering. Endeleg årsrapport vert teke opp på neste møte.

2019-01-05 DRIFTS- OG INVESTERINGSBUDSJETT 2019

Det vart gjeve ei gjennomgang av budsjettet for 2019 og nokre endringar vart gjort. Vedlikehaldet er somme stader kritisk og ein ynskjer difor å bruka av fond for å ta igjen noko av dette gapet. Det vart også snakka om festeavgifter på dei ulike gravplassane. Det er tidlegare vedteke å gjeninnføre festeavgifter på alle gravplassane som vert stelt. Dette må jobbast vidare med. Differensiering på ulike gravplassar vart også snakka om. Ein må også sjå på mogelegheita for å setje ned urner på dei eldste gravplassane. Det vart ytra ynskje frå fellesrådet om å få forslag til ei prioriteringsliste på vedlikehaldssaker i dei ulike sokna.

Vedtak:

- 1.Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtar driftsbudsjett i samsvar med Budsjett 2019 med ei totalramme på kr 14.596.000 inkl. finansielle utgifter og inntekter.**
- 2.Bømlo kyrkjelege fellesråd er innforstått med eit underskot i 2019 på 214.000,-**
- 3.Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek bruk av ubundne fond på 167.000,-**
- 4.Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek følgjande investeringsbudsjett**

Revidert budsjettforslag 2018 - 2022	2019	2020	2021	2022	2023	Sum prosjekt
Planlegging og oppfylling av gravfelt D Lykling	2 000					2 000
Planlegging og oppgradering av Bømlo kyrkje	3 150	350*				3 500
Planlegging og utviding av Vorland kyrkjegard	350*	3 650	3 000			7 000
Brannsikre skap til gjenstandar av høy verdi			250			250
Planlegging og bygging av nytt orgel i Moster kyrkje	500	1 500	2 000	650**		4 650
Planlegging av gravplassutviding på Moster			200	2 000	3 000	5 200
Utviding av parkeringsplass ved Bømlo kyrkje				1 500		1 500
Kyrkjelydshus/kyrkjestove knytt til Bremnes kyrkje				250	2 750	3 000
GPS-utstyr til kyrkjegardane						
Sum	6 000	5 500	5 450	4 400	5 750	

* I.o.m. at det er lettare å få gjennomslag for omdisponeringar innanfor budsjetttramma for gjeldande år, enn å få tilleggsløyvingar vil det vera gunstig å få omdisponert nokre midlar for planlegging av Vorland gravplass for inneverande år.

** Det er budsjetttert med 700 000 i innsamla midlar til prosjektet. Desse kjem ikkje fram i denne oversikten.

2019-01-06 SØKNAD FRÅ MOSTER SOKNERÅD OM MIDLAR ETTER SAL AV STEINHELLER

Vedtak:

Moster sokneråd får overført midlane etter sal av steinhellene til orgelkomiteen sin konto.

2019-01-07 MØTEPLAN 2019

Møteplanen vart godkjent med nokre endringar:

Vår:

Onsdag 20.03.19

Onsdag 15.05.19

Haut:

Onsdag 28.08.19

Onsdag 23.10.19

Onsdag 27.11.19

2019-01-08 VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR

Ved akklamasjon vart Roald Stautland valt som leiar og Berit Hallaråker som nestleiar.

Bremnes, den 7. februar 2019

Roald Stautland
leiar

Trygve Leigland
kyrkjevevje